



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref
16/6166-10

Vår ref
16/6671-4

Dato
19. april 2018

Fråvær ved køyreopplæring

Kunnskapsdepartementet viser til brevet som hovudutvalet for opplæring i Sogn og Fjordane har sendt departementet om fråværsreglane i vidaregåande skole.

Ein elev kan krevje at inntil 10 fråværsdagar kvart skoleår ikkje blir ført på vitnemålet, dersom fråværet skyldast visse årsaker, bl.a. sjukdom. Dette gjeld berre dagsfråvær. Fråvær for enkelttimar kan ikkje strykast frå vitnemålet, men elevane kan leggje ved dokumentasjon på fråværet om dei ønskjer.

Fråværs grensa blei innført skoleåret 2016/17. Nokre fråværstimar skal bli haldne utanom ved praktisering av fråværs grensa dersom fråværet er dokumentert. Dette gjeld ikkje fråværstimar på grunn av køyreopplæring. I løpet av ein periode på tre år skal ordninga bli evaluert, slik at ein får eit godt grunnlag for å vurdere om fråværsreglane skal bli vidareført. Fråværs grensa ser så langt ut til å ha hatt ein positiv effekt.

Vi takkar for innspela som vi vil ta med oss i det vidare arbeidet med fråværsreglane.

Med helsing

Erik Saglie (e.f.)
avdelingsdirektør

Gøril Liland Rongved
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
872 417 842

Avdeling
Juridisk avdeling

Saksbehandlar
Gøril Liland
Rongved
22 24 75 13